

FELLES RETNINGSLINER FOR BEHANDLING AV SIVILE SAKER I TINGRETTANE

Nynorsk

FORSLAG FRÅ ARBEIDSGRUPPA
Lagt fram 7. januar 2019

Innhold

1. SAKSFØREBUING	3
<i>Stemning og tilsva</i> r	3
<i>Tid for hovudforhandling</i>	3
<i>Rettsmekling</i>	3
<i>Planmøte</i>	4
<i>Vidare saksførebuing</i>	4
<i>Avslutting av saksførebuinga</i>	4
<i>Sluttinnlegg og framdriftsplan</i>	4
2. HOVUDFORHANDLINGA.....	5
<i>Generelt</i>	5
<i>Dokument til bruk under hovudforhandlinga</i>	5
<i>Retten si innleiing, partane si saksframstilling</i>	5
<i>Bevisføringa</i>	5
<i>Avsluttande innlegg – prosedyrar, replikk og duplikk</i>	6
<i>Sakskostnadsoppgåve</i>	6

1. SAKSFØREBUING

Stemning og tilsvar Stemning og tilsvar skal danne grunnlaget for retten si behandling av saka. Planmøte, tidfesting av hovudforhandling og vurdering av rettsmekling skal kunne gjennomførast på grunnlag av desse dokumenta.

Tvistelova §§ 9-2 og 9-3 har reglar for kva stemning og tilsvar skal innehalde. Det er vesentleg at dokumenta angir presist:

- Kva for krav og påstandar som blir gjort gjeldande, og den faktiske og rettslege grunngevinga for desse.
- Kva for bevis som vil bli ført i tilknytning til dei enkelte krava.
- Eventuelle prosessuelle spørsmål av betydning for behandlinga av saka.

Utgreiingane bør vere stramt forma, utan for stor grad av argumentasjon.

Stemning og tilsvar må setjast opp oversiktleg. Vedlegg skal namnast og nummererast som fastsett i [retningslinene for Aktørportalen](#).

Er det manglar ved stemning eller tilsvar, vil retten gi frist for retting, jf. tvistelova § 16-5. Dersom retting ikkje blir utført, gir det grunnlag for avvising.

Tid for hovudforhandling

Partane kan bli kontakta om reservasjon av tidspunkt for hovudforhandlinga så snart retten har mottatt tilsvar. Endeleg tidfesting av hovudforhandling skjer seinast under planmøtet.

Partane bør gi uttrykk for eit grunnleggjande syn på kor lang tid som bør setjast av til hovudforhandlinga i saka i stemning og tilsvar. Det må tas omsyn til at tidsbruken og kostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til saka si betydning.

Utgangspunktet til retten er at ein advokat som tar på seg eit prosessoppdrag, har høve til å møte til hovudforhandling innanfor den lovgitte fristen på seks månader. At prosessfullmektigen ikkje har høve til å møte innanfor fristen, vil til vanleg ikkje vere tilstrekkeleg grunn til å tidfeste hovudforhandling seinare enn den lovgitte fristen.

Rettsmekling

Rettsmekling er eit tilbod frå domstolen om bidrag til løysing av saka på ein rask og formålstenleg måte for alle partane.

Partane bør opplyse i stemning og tilsvar om dei meiner rettsmekling er ønskeleg. Dersom ein part ikkje ønskjer rettsmekling, bør dette grunnngiast.

Retten vil tidleg under saksførebuinga ta opp med partane om ein skal gjennomføre rettsmekling. Både retten og partane kan ta opp dette på ny seinare.

Før rettsmeklingsmøtet vil retten førebu gjennomføringa av rettsmeklinga i samråd med partane. Det kan bli bestemt å utsetje anna saksførebuing til etter rettsmeklingsmøtet.

Planmøte

Retten skal styre saksførebuinga aktivt og planmessig for å oppnå ei rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling av saka.

Gjennomføring av planmøte etter tvistelova § 9-4 er eit viktig ledd i saksførebuinga. Planmøte skal haldast i alle saker dersom det ikkje er openbert at dette er unødvendig, eller dersom eit særleg behov for rask framdrift gjer det nødvendig med planlegging på annan måte.

Planmøte skal til vanleg gjennomførast mellom retten og prosessfullmektigane til partane. Retten føreset at prosessfullmektigane har gjennomgått punkta i innkallinga med partane sine og har gjort nødvendige avklaringar før møtet.

Planmøte skal haldast så tidleg som mogleg etter at tilsvar er mottatt. Planmøtet bør som oftast haldast som fjernmøte. Men ein bør vurdere om formåla med møtet kan oppnåast betre ved å ha eit ordinært rettsmøte.

Planmøtet skal fastleggje rammene for behandlinga av saka. Dette vil skje med utgangspunkt i dei omtvista spørsmåla og ut frå omsynet til proporsjonalitet. Partane må kunne grunngi dei bevilboda som blir sette fram, og dei må påvise at dei bevisa som er gjort gjeldande, har betyding for dei spørsmåla som er omtvista.

Vidare saksførebuing

Dersom det er nødvendig med fleire prosesskriv under saksførebuinga, skal desse utformast i samsvar med tvistelova § 12-2. Prosesskriv bør ha ei stram form. Det er unødvendig med detaljert argumentasjon om spørsmål som skal behandlast under hovudforhandlinga. Ein bør unngå gjentakning frå tidlegare dokument.

Avslutting av saksførebuinga

Tidspunkt for avslutting av saksførebuinga skal fastsetjast i samsvar med tvistelova § 9-10 første ledd.

Etter avslutta saksførebuing gjeld avgrensingane i tvistelova § 9-16 for endringar av krav, påstand, påstandsgrunnlag og bevis.

Sluttinnlegg og framdriftsplan

Retten vil til vanleg krevje at partane leverer kvart sitt sluttinnlegg, jf. tvistelova § 9-10 andre ledd.

Forslag til framdriftsplan for hovudforhandlinga skal sendast inn samtidig med sluttinnlegget. Det vil ofte vere formålstenleg at saksøkjaren sin prosessfullmektig utarbeider førsteutkast til framdriftsplan og sender dette til saksøkte sin prosessfullmektig seinast to arbeidsdagar før fristen går ut. Framdriftsplanen skal angi tidspunkt for saksframstilling (innleiingsforedrag), avsluttande innlegg (prosedyre) og forklaringar, og ta omsyn til vanlege pausar. Dersom ikkje retten bestemmer noko anna, vil partane sitt forslag til framdriftsplan bli lagt til grunn for gjennomføringa av hovudforhandlinga.

2. HOVUDFORHANDLINGA

<i>Generelt</i>	<p>Hovudforhandlinga skal konsentrerast om det partane er usamde om - tvistepunkta.</p> <p>Partane har ansvar for å tilpasse ressursbruken til saka si art og omfang. Ved avgjerd av krav om sakskostnader vil retten leggje vekt på om ressursbruken har vore rimeleg i forhold til saka si betyding, jf. tvistelova § 20-5 første ledd.</p>
<i>Dokument til bruk under hovudforhandlinga</i>	<p>I dei fleste sakene vil det vere til hjelp for retten om det blir brukt disposisjon under saksframstilling og prosedyre. Sitat frå dokument og rettskjelder bør ikkje tas inn i disposisjonen.</p> <p>Andre hjelpedokument bør til vanleg leggjast fram for motparten før hovudforhandlinga slik at motparten får nødvendig tid til gjennomgang, jf. tvistelova § 9-14 andre ledd.</p> <p>Dersom det skal nyttast juridisk utdrag, bør dette vere felles og utarbeidd i samarbeid mellom partane. Utdraget bør avgrensast til rettskjelder som det kan bli aktuelt å vise til under hovudforhandlinga.</p>
<i>Retten si innleiing, partane si saksframstilling</i>	<p>Hovudforhandlinga startar med at dommaren klarlegg partane sine påstandar, påstandsgrunnlag og bevis, jf. tvistelova § 9-15 første ledd. Partane kan bli bedne om å avklare enkelte spørsmål nærare. Dommaren kan også ta opp spørsmål som gjeld gjennomføringa av hovudforhandlinga.</p> <p>Saksøkjaren gir ei konsentrert saksframstilling tilpassa til saka si art og omfang, og går gjennom skriftlege bevis.</p> <p>Saksøkte gjer deretter greie for sitt syn og går gjennom sine skriftlege bevis. Innlegget bør avgrensast til korrigeringar og suppleringar, om ikkje saksøkjaren si framstilling eller saka sin karakter gjer det nødvendig med ei meir omfattande utgreiing.</p> <p>Under saksframstillinga bør partane presentere dei rettslege spørsmåla, men ikkje kome med omfattande rettsleg argumentasjon.</p>
<i>Bevisføringa</i>	<p>Det skal ikkje førast bevis om forhold som partane er samde om. Partane kan likevel presentere bevis som er knytte til uomtvista faktum, så langt dette er nødvendig for å sikre at retten forstår saka.</p> <p>Dokumentbevis blir ført ved at beviset blir gjennomgått og det som er viktig, blir påpeika, jf. tvistelova § 26-2. Opplasing bør avgrensast til dei delane av dokumentet som er sentrale for argumentasjonen til parten.</p> <p>Parts- og vitneforklaringar skal gjennomførast med konsentrasjon om tvistepunkta i saka. Spørsmål bør stillast i ei open form. Ein bør unngå leiande, argumenterande og uklare spørsmål.</p>

Partane bør kontinuerleg vurdere om den bevisføringa som alt er gjort, er tilstrekkeleg, slik at vidare bevisføring kan fråfallast.

*Avsluttande innlegg
– prosedyrar, replikk
og duplikk*

Prosedyrane bør konsentrerast om kommentarar til bevisføringa og saka sine rettslege sider. Det bør ikkje leggjast fram nytt bevismateriale.

Replikken bør avgrensast til den delen av prosedyren til saksøkte som gir grunnlag for ytterlegare behandling. Replikken skal ikkje vere ei gjentakning eller vidareføring av saksøkjaren sin prosedyre.

Duplikk bør avgrensast til å kommentere spørsmål som er behandla i replikken.

Sakskostnadsoppgåve

Sakskostnadsoppgåve, forma ut i samsvar med krava i tvistelova § 20-5 tredje ledd, skal leverast ved avsluttinga av hovudforhandlinga. Seinare supplering av oppgåva kan berre tillatast dersom storleiken på enkeltpostar ikkje er kjende på det tidspunktet. Suppleringa må gjerast innan den fristen retten fastset. Dersom det er fleire partar på same side, skal sakskostnadene fastsetjast særskilt for kvar part, jf. tvistelova § 20-6 første ledd.